
Søknad - Tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) - 186102

Søkjar

Fødselsdato

18.02.1979

Navn

AINA ISDAL HAUGLAND

Adresse

ISDAL 77, 5916 ISDALSTØ

Mobilnummer

907 17 615

E-post

ainaisdal@outlook.com

Kontonummer

**** ** 09417

Målform

Nynorsk

Eiendom og eierskap

Eiendom og eierskap

Du må oppgi hvilken landbrukseiendom SMIL-tiltaket skal gjennomføres på. Dersom tiltaket går over flere eiendommer, oppgi eiendommen hvor hoveddelen av tiltaket gjennomføres.

Landbrukseiendom

4631-185/5

Dersom du leier landbrukseiendommen der tiltaket skal gjennomføres, må det foreligge tillatelse fra eier av landbrukseiendommen for at det skal kunne innvilges SMIL-tilskudd.

Min tilknytning til landbrukseiendommen

Eier av eiendommen tiltaket gjennomføres på

Legg ved detaljkart som viser arealet/objektet der tiltaket skal gjennomføres, og hvor på eiendommen det ligger. Bruk gjerne gårdskart til å tegne og lage pdf.

Filnavn SMIL - Aina Isdal Haugland.pdf

Vedleggstype Kart

Drift

For å få SMIL-tilskudd må det foregå en tilskuddsberettiget produksjon på landbrukseiendommen.

Jeg er ansvarlig for tilskuddsberettiget produksjon på landbrukseiendommen

Nei

Oppgi organisasjonsnummer og navn på foretaket som er ansvarlig for tilskuddsberettiget produksjon på landbrukseiendommen jfr. §3 i SMIL-forskriften.

Organisasjonsnummer

982939135

Navn på foretaket

Kjersti Isdal. I tillegg Molvik bigard og Harald Sagstad.

Kommentar til drift

Beiteområde på innmark er leigd ut til 185/7. Munnleg avtale om bifolk frå april 22. Munnleg avtale om slått av resterande innmark med Harald Sagstad.

Tiltakstype

Tiltakstype

SMIL-tilskudd kan gis til å gjennomføre konkrete tiltak eller til å planlegge prosjekter.

Jeg søker om tilskudd til å

Det kan gis tilskudd til enkeltstående tiltak eller større fellestiltak som berører flere aktører og/eller eiendommer. For fellestiltak med én søknad skal bare én av deltagerne stå som ansvarlig søker, men med skriftlig samtykke fra de andre deltagerne.

Tiltaket er et

Prosjektbeskrivelse

Beskrivelse av tiltaket eller planleggingsprosjektet

SMIL handler om å gjennomføre miljøtiltak utover det som kan forventes ved vanlig jordbruksdrift. I denne delen skal du gjøre rede for tiltaket/planleggingsprosjektet som skal gjennomføres. Dersom du trenger mer plass eller har tegninger/bilder ol. kan du laste opp disse her.

Prosjekttittel skal være et kort beskrivende navn på tiltaket/prosjektet, gjerne navn på objektet eller arealet.

Prosjekttittel

Hellegang, lad og tilbakeføring av nyttehage

Kort beskrivelse av hva du ønsker å gjøre

Sette i stand støttemur ved løe/køyringabru, tilbakeføre hellegang, styrke biologisk mangfold av gamle artar og tilbakeføre hagen

Utfyllende beskrivelse av hva du ønsker å gjøre. Ta med beskrivelse av området og tilstanden til arealet/bygningen el. hvor tiltaket skal gjennomføres. Beskriv omfang av, og formål med tiltaket, hvordan tiltaket skal utføres (arbeidsmetoder, materialer etc.) og av hvem.

Støttemurane/lada ved køyringabrua har forfalle, manglar stein og er overgrodde. Desse ønskjer eg å setje i stand. I tillegg står ein gamal slipestein på eit lad, som eit flott landbruksselement. For hellegang har eg stein, som måtte gravast opp under istandsetting av hus. Denne ønskjer eg no å leggje tilbake. Hagen har vore ein nyttehage, som i seinare år har vore prega av plen med nokre frukttré/bærbusker, men særskilt frukttréa i dårleg stand. Her ønskjer eg å finna gamle artar som vil passe inn, for å styrke det biologiske mangfaldet og tilbakeføre hagen. For sistnemte vil eg finna avleggjarar/stiklingar andre stader på Isdal, alternativt kan til dømes Stend, Baroniet Rosendal, Universitetshagen, Havrå eller Lygra vere aktuelle stader å finne gode artar.

Begrunn hvordan dette miljøtiltaket vil fremme natur- og kulturminneverdiene i jordbrukets kulturlandskap og/eller redusere forurensningen fra jordbruket

Stein er bokstaveleg tala eit berande element på eigedomen, og nettopp dette, saman med det biologiske mangfaldet er utgangspunktet for arbeidet eg ønskjer å gjera vidare.

Til no har mykje av istandsettinga og tilbakeføringa av eigedomen, dreidd seg om leinstova. Heile eigedomen, med innmark, elvar, kanalar, hage, murar, og små og store bygg har forfalle stort over fleire tiår, og det er behov for ei rekkje små og store tiltak for å tilbakeføre og setje i stand kulturmiljøet.

Eigedomen vil vanskeleg la seg ðeffektiviserað eller standardisera i moderne forstand, og såleis må det leggjast opp til mangfald og symbiosar i måten drifta av eigedomen vert lagt opp på.

Smådriftsfordelar, mangesysleri og økologisk bruk er meir nærliggjande enn stordriftsfordelar, monokulturar og landbruksmaskinar.

I istandsettinga av leinstova er det lagt vekt på å halde fasaden mot vest, og mot postvegen, nærast mogleg det opphavlege. Mykje fordi dette er ein svært offentleg og synleg del av eigedomen. Ein vesentleg del av kulturmiljøet, rekreasjonsopplevinga, samt det biologiske mangfaldet og tilrettelegginga for pollinatorar, startar difor allereie i hagen. Dette har vore ein nyttehage, og ein del av livsgrunnlaget til dei som har budd her i tidlegare tider. Eg ønskjer difor å tilbakeføra hagen, med dei gamle vekstane som er der. På denne delen av eigedomen er det naturleg å velje gamle artar. Formeiring av eksisterande tre og busker på tunet eller frå andre gamle eigedomar i regionen er nærliggjande utgangspunkt.

Beskriv planlagt bruk for objektet/arealet etter at omsøkt tiltak er fullført

Hellegangen vil bli brukt dagleg i sommarhalvåret, og vil gjere opplevinga ved å vere der betre, samt styrke det heilskaplege kulturmiljøet. Det vil også vere lettare å vedlikehalde, samt tryggare å vere. Sidan eg ikkje slår alt gras, er det også hoggorm i hagen, og tilbakeføring av hellegangen med rydding av steinar, vil gjere området aust for huset meir oversiktleg, som særskilt er viktig for tryggleiken til treåringen.

Lada/støttemurane kan brukast til rekreasjon/forlenga kjøkenhage for min eigen del, men dei vil også vere ein vakker detalj som styrkar kulturopplevinga for dei som vitjar tunet. Det vil sjølv sagt også gjere at funksjonen som nettopp støttemurar vert vedlikehalden, der dei grensar opp til køyringabrua. Denne er i ok stand, med nokre få utgreiingar, men treng ikkje tiltak per i dag. Om det går an å setje i stand den gamle slipesteinen som står på lada, vil det vere aktuelt å bruke den til lang- og stutturvar. Også denne ein flott detalj i kulturlandskapet, som er synleg frå postvegen.

For det biologiske mangfaldet på garden, har også hagen ei viktig rolle. Krokusar, som det er ein heil del av, er den første verkeleg proteinrike maten pollinatorar finn om våren. Det å styrke det biologiske mangfaldet på heile eigedomen er ei sentral rolle for hagen. Det vil også styrke opplevingskvaliteten for dei som ferdast i området. Ved ein eventuell framtidig marknadshage, kan

også denne delen av eiegenomen spele ei rolle, særskilt i produksjonen av bær og frukt. Det er ein god variasjon i markblomane i hagen, og det vil vere aktuelt å samle frø av desse eller så i andre lokale markblomar for å styrke mangfaldet av blomar og insekt.

Andre relevante opplysninger

Sjå pdf/vedlegg med kart. Der har eg også gjort ei oppsummering av fleire av tiltaka på garden.

Prosjektperiode

Prosjektperioden skal inkludere utarbeidelse av sluttregnskap og rapportering. Det innvilges normalt ikke tilskudd til tiltak som allerede er påbegynt eller slutført.

Prosjektperiode

Frå 18.04.2022 Til 04.09.2023

Redegjør for fremdriftsplan

Hellegang og lad - venta arbeidstid ca 1 veke for to personar. Nøyaktig tidspunkt må avtalast med Haakon Aase Tørrmuring, men ønskt utført på våren 22.

Tilbakeføring av hage vil i realiteten vere eit mangeårig prosjekt, men til låg kostnad og primært gjennom eigeninnsats med innsamling av frø og avleggjarar.

Eg har lagt inn frist til 23, for å vere trygg på at det er tid nok til å gjennomføre.

Finansieringsplan

Kostnadsoverslag

Kostnadsoverslaget skal omfatte totale kostnadar. Oppgje beløp ekskl. mva. dersom det er frådragsrett for inngåande mva. for tiltaket. . Dette kan berre gjelde verksemder som er registrert i Meirverdiavgiftsregisteret. Andre verksemder kan oppgje beløp inkl. mva.

Kostnadsoverslag

101 500

Spesifiser kostnader

Kostnader med planlegging, organisering og gjennomføring av prosjektet kan inngå i kostnadsoverslaget. Dette gjelder blant annet materialkostnader, arbeidskostnader og kostnader med utarbeiding av nødvendige planer.

Nye rader kan settes inn ved bruk av tab eller ved hjelp av tabellikonet.

| Type kostnad (aktivitet) | Beløp (kroner) |
|--|----------------|
| Haakon Aase tørrmuring | 52500 |
| Steinheller (eigeninnsats) | 20000 |
| Administrasjon, dialog Haakon Aase, rapportering /planleggin mm. | 5000 |
| Eigeninnsats steinarbeid/rydding | 13000 |
| | |

| | |
|-------------------|-------|
| Eigeninnsats hage | 11000 |
|-------------------|-------|

Oppgi om kostnadene til innkjøpte varer og tjenester er inklusiv eller eksklusiv mva.
Inklusiv mva. Kostnadene er ikke fradragsberettiget.

Kommentar til kostnadsoverslaget

Kostnadsoverslag basert på tilbud frå Haakon Aase. Steinheller treng truleg berre supplerast unntaksvis.

Finansieringsplan – summen av søknadsbeløp, egen og annen finansiering må tilsvare kostnadsoverslaget

Søknadssum

40 000

Eiga finansiering

34 200

Spesifiser egen finansiering

Spesifiser verdi av eget arbeid og egenandel. Dersom du trenger mer plass kan du i tillegg laste opp vedlegg.

Nye rader kan settes inn ved bruk av tab eller ved hjelp av tabellikonet.

| Finansieringskilde/type finansiering | Beløp (kroner) |
|--------------------------------------|----------------|
| Eigeninnsats - arbeid | 29000 |
| Eigeninnsats materiell | 20000 |
| | |
| | |
| | |

Anna finansiering

27 300

Spesifiser annen finansiering

Spesifiser ev. andre finansieringskilder. Oppgi også om midlene er innvilget eller kun omsøkt. Hvis du har dokumentasjon som bekrefter annen finansiering kan du i tillegg laste opp vedlegg.

Nye rader kan settes inn ved bruk av tab eller ved hjelp av tabellikonet.

| Finansieringskilde/type finansiering | Beløp (kroner) |
|--|----------------|
| Alver kommune - istandsetting av kulturminne | 27300 |
| | |
| | |
| | |
| | |

Kommentar til finansieringsplanen

Søkt om 27300 kr - Alver kommune, men realistisk at løyving vert noko lågare. Difor usikker på søknadsbeløp, men kjenner til at det kun blir utbetalt midlar for faktiske utgifter.

Vedlegg

Filnamn

Type vedlegg

Oppsummering

Kven skal behandle søknaden?

Alver kommune

Kommentar

Sjå vedlegg for kart og bilete.

Bekreft og send søknad

Eg bekreftar at opplysningane i søknaden er fullstendige og korrekte.

Innsendingsdato

15.03.2022